




## FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

### Utviklinga i kommuneøkonomien

Møre og Romsdal

2015



## FORORD

---

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gir kvart år ut ein rapport som viser hovudtrekka i utviklinga av kommuneøkonomien i fylket. Rapporten inneheld eit utval av indikatorar som seier noko om den økonomiske situasjonen for kommunane, både enkeltvis og samla. Vi har òg med tal for alle kommunane i Noreg utanom Oslo (fordi Oslo òg fungerer som fylkeskommune) som referanseverdi. Det er først og fremst statistikk for 2015 som vi legg vekt på, men vi har òg med statistikk frå 2013 og 2014 for å sjå på utviklinga og tendensar.

Kommunane har fått nytt inntektssystem som blir iverksett frå 2017. Rapporten inneheld eit kort utdrag av dei to viktigaste endringane for kommunane i Møre og Romsdal.

Rapporten kan vere aktuell lesing for politikarar, tilsette i administrasjonen i kommunane, forvaltningsorgan på fylkes- og regionalt nivå, innbyggjarar i Møre og Romsdal og andre som har interesse for kommunane sin økonomi.

Tala som er presentert i rapporten er i all hovudsak henta frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Hovudvekta av tala er henta frå Kostra (Kommune-Stat-Rapportering). Rundt 15. juni kvart år publiserer SSB endelige rekneskapstal for det føregåande året. Årets utgåve av rapporten innheld òg tal som er innhenta og samanstilt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Tala som blir nytta er på konsernnivå. Det vil seie tal for heile kommunen, inkludert kommunale føretak, interkommunale samarbeid og interkommunale selskap. Tala er henta frå både nivå to og tre i Kostra.

Gjennom rapporten vil vi i første rekke presentere eit bilet av den økonomiske situasjonen i fylket. Kommentarane i teksta er i hovudsak retta mot korleis den økonomiske situasjonen til kommunane i fylket er samla. Indikatorar blir likevel presentert på kommunenivå for å vise kva som ligg bak tala for fylket og slik at ein får eit meir nyansert bilet av situasjonen. I tillegg går det då an å følgje ein kommune spesielt. Det kan og vere store variasjonar i tala frå år til år. Kommentarane i teksten vil på grunn av dette òg seie noko om variasjonen og skilnaden mellom kommunane i fylket. For å få ei fullstendig oversikt over økonomien i den einskilde kommune viser vi til kommunane sine rekneskap.

Molde, 13. juli 2016

## Innhold

1 – INNLEIING, FRAMTIDSBILETE, OPPSUMMERING OG KONKLUSJON.....	4
2 – FRÅ BRUTTO DRIFTSRESULTAT TIL NETTO DRIFTSRESULTAT .....	6
2.1 – BRUTTO DRIFTSRESULTAT.....	9
2.2 – NETTO RENTER.....	10
2.3 – FINANSIELLE INSTRUMENT.....	11
2.4 – AVDRAG .....	12
2.5 – AVSKRIVINGAR.....	13
2.5 – NETTO DRIFTSRESULTAT.....	14
3 – INVESTERINGAR OG LÅNEGJELD .....	17
3.1 – INVESTERINGAR.....	18
3.2 – LÅNEGJELD .....	20
4 – FOLKETALSENDRING OG -PROGNOSE .....	25
5 – NYTT INNTEKTSSYSTEM.....	29
5.1 – NYTT BASISTILSKOTT .....	31
5.2 – DISTRIKTSPOLITISKE TILSKOTT .....	33
6 – APPENDIKS .....	35
KJELDER OG VIDARE LESING.....	38

## 1 – INNLEIING, FRAMTIDSBILETE, OPPSUMMERING OG KONKLUSJON

---

Eit godt velferdstilbod i kommunane føreset ein sterk og sunn kommuneøkonomi. Ein sterk og sunn kommuneøkonomi er avhengig av fleire faktorar. Kommunane har sjølv ansvaret for å ha ei forsvarleg økonomiforvaltning og ei effektiv ressursutnytting som sikrar innbyggjarane eit best mogleg tenestetilbod over tid. God kommuneøkonomi er viktig for folk sin kvardag.

### Utfordringar i framtidsbilete for kommuneøkonomien

Kommuneøkonomien står ovanfor fleire utfordringar i åra framover:

- Uro i internasjonal økonomi kan føre til lågare inntektsvekst enn tidlegare år
- Auka pensjonskostnadar på grunn av låg rente, høg lønsvekst og auka levealder
- Endringar i folketal og alderssamansetning, «eldrebølga»
- Høgare gjeld og forventningar om høgare rente på sikt

Dette er utfordringar alle kommunar står inne i eller ovanfor. I tillegg kjem kommunespesifikke utfordringar. Uansett, kommuneøkonomien må vere solid for at den skal kunne stå seg mot utfordringane framover.

### Oppsummering av dei viktigaste trekka frå utviklinga i kommuneøkonomien

Frå 2014 til 2015 styrka netto driftsresultat seg frå 0 til 2,2 prosent av brutto driftsinntekt. Det er likevel ein del faktorar som talar for at den underliggende økonomiske balansen i kommunane er svak. Fylkesmannen i Møre og Romsdal ser på netto driftsresultat som hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunane. Fylkesmannen støttar seg til tilrådinga frå Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) om at netto driftsresultat bør utgjere minimum 3 prosent brutto driftsinntekter for perioden 2010 til 2013, og 1,75 prosent frå 2014 og framover. Vekta tilråding for netto driftsresultat dei siste fem åra er på 2,4 prosent. Netto driftsresultat for kommunane i Møre og Romsdal samla har dei siste fem åra vore på 1,5 prosent.

Rapporten viser at det er fleire utviklingstrekk som tilseier at kommuneøkonomien i Møre og Romsdal er svakare enn kommuneøkonomien for landet sett under eitt. Møre og Romsdal har nest høgast netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter, målt for kommunane i fylka samla. Kommunane i Møre og Romsdal samla har ei netto lånegjeld på 97 prosent av brutto driftsinntekter. Det er om lag 15 prosentpoeng høgare enn kommunane i Noreg utanom Oslo. Det er i hovudsak tre årsaker til at gjelda til kommunane i Møre og Romsdal er høgare enn landsgjennomsnittet (utanom Oslo). Det er at kommunane i Møre og Romsdal har eit litt høgare investeringsnivå, lånefinansierar ein litt større del

av investeringane og nyttar litt lenger tid på å betale ned gjelda enn landsgjennomsnittet (utanom Oslo).

Gjeldsoppbygginga i kommunane gjer dei meir sårbare for framtidige renteaukingar. Kommunar med høg lånegjeld er avhengig av eit relativt høgare brutto driftsresultat for å få eit netto driftsresultat på nivå med tilrådinga.

Brutto driftsresultat for kommunane i Møre og Romsdal har vore på eit lågare nivå enn landsgjennomsnittet utanom Oslo, målt i prosent av brutto driftsinntekter.

Sjølv om kommunane i Møre og Romsdal samla har eit netto driftsresultat som er høgare enn tilrådinga frå TBU, er det framleis det fjerde lågaste av kommunane i fylka samla. Årsaka til at netto driftsresultat styrka seg for alle kommunane i landet må bli sett i samanheng med (1) høgare skattevekst enn prognosene, (2) styrkingspakka for kommuneøkonomien i revidert nasjonalbudsjett 2015 og (3) lågare pensjonskostnadene enn venta. Netto driftsresultat dei siste fem åra i eitt, er for kommunane i Møre og Romsdal samla det fjerde lågaste av kommunane i fylka samla.

Desse faktorane tyder på at driftssituasjonen i kommunane i Møre og Romsdal er under press. I ein slik situasjon er bufferar nødvendig for å kunne takle svingingar på både inntekts- og utgiftssida. Kommunane i Møre og Romsdal har lite oppsparte midlar på disposisjonsfond, og det skal ikkje mykje til før rekneskapsmessig underskott oppstår.

### Konklusjon

På tross av utviklinga i netto lånegjeld viser rapporten at kommunane har tilpassa seg høgare gjeldnivå og over tid nedbetalt lånegjeld til eit meir normalt nivå. Netto driftsresultat for 2015 var tilfredsstillande isolert sett.

Skal kommunane i Møre og Romsdal halde netto driftsresultat på nivå med tilrådinga frå TBU, er det naudsynt å auke inntektene og/eller redusere eller effektivisere tenesteproduksjonen for å oppretthalde økonomisk balanse. Det er viktig for å byggje økonomisk robuste og berekraftige kommunar inn i framtida.

## 2 – FRÅ BRUTTO DRIFTSRESULTAT TIL NETTO DRIFTSRESULTAT

---

På nettstaden til Statistisk sentralbyrå finn ein store mengder Kostra-tal. I dette kapitelet vil vi sjå på eit utval av indikatorar som seier noko om den totale økonomiske situasjonen til kommunane i fylket. Då er det nokre indikatorar som skil seg ut som meir interessante og meiningsfulle å sjå på enn andre. Dei indikatorane vi har valt å sjå nærmare på i dette kapittelet seier noko om nivået på drifta i kommunane. Dei aktuelle indikatorane har fått ein kort definisjon under.

**Brutto driftsinntekter (BDI)** er dei totale driftsinntektene til kommunane. Inntekter frå rammetilskot, skatt på inntekt og formue, brukarbetalingar, eigedomsskatt, andre sals- og leigeinntekter, overføringer med krav om motyting og andre overføringer er inkludert i brutto driftsinntekter. Renteinntekter, utbytte og gevinst frå finansielle instrument er ikkje inkludert.

**Brutto driftsresultat (BDR)** er brutto driftsinntekter (BDI) trekt frå driftsutgifter utanom renter og avdrag. Dette resultatet skal dekke netto rente- og avdragsutgifter samt eventuelle pliktige avsetningar.


**Renteinntekter, utbytte og eigaruttag** er saman med kursgevinstar vedkommande finansielle instrument det vi kallar eksterne finansinntekter.

**Motpost avskrivingar** annullerer avskrivingar, som inngår i brutto driftsresultat, slik at ein får netto driftsresultat.

**Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter** er saman med kurstap vedkommande finansielle instrument og avdragsutgifter det vi kallar eksterne finansutgifter.

**Netto driftsresultat (NDR)** er resultatet som kjem fram når renter og avdrag er trekt frå brutto driftsresultat. Skilnaden mellom brutto- og netto driftsresultat viser kor stor del av inntektene i kommunane som går med til å betale renter og avdrag. Ein kommune kan òg ha eit betre NDR enn BDR dersom ein har større eksterne finansinntekter enn eksterne finanskostnader. Eit positivt NDR vil seie at kommunen har opparbeidt seg ein økonomisk handlefridom som kommunen kan nytte godt av ved eit seinare høve; til dømes til eigenfinansiering av investeringar. Viser netto driftsresultat eit underskot, må kommunen nytte tidlegare avsetningar til å finansiere året sine driftsutgifter. NDR er sett på som den viktigaste enkeltståande indikatoren for korleis den økonomiske situasjonen er i kommunen. Over tid er det ei tilråding at NDR er minst 1,75 prosent (fom 2014) av brutto driftsinntekter for kommunane. Då vert formuesbevaringsprinsippet ivareteken.

Figur 1 viser alle postane fra brutto driftsresultat til netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter. Tala er fra 2015, og er gjennomsnittet for kommunane i Møre og Romsdal og landet.




Figuren viser at netto driftsresultat ble 2,2 prosent av driftsinntektene i 2015 for kommunane i Møre og Romsdal samla. Det er om lag 2 prosent høgare enn i 2014. Netto driftsresultat i 2015 er høgare enn det tilrådde nivået frå teknisk beregningsutval på 1,75 prosent av driftsinntektene.

Netto driftsresultat for alle kommunane i landet utanom Oslo ble på 2,9 prosent av brutto driftsinntekter. Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsresultat var om lag på same nivå for kommunane i Møre og Romsdal og for kommunane i landet utanom Oslo i 2015. Det betyr at det ble brukt same del av inntekta på å drifte tenestene og kommunen, avskrivinger inkludert, for kommunane her i fylket og for landet utanom Oslo.

Skilnaden på kommunane i Møre og Romsdal i høve til landet utanom Oslo er i hovudsak at kommunane her i fylket har høgare renteutgifter og høgare avdrag. Som vi kjem nærmare inn på seinare i rapporten, er det ein naturleg konsekvens av at kommunane i Møre og Romsdal har høgare lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter enn kommunane i landet utanom Oslo.

Figur 2 viser eit utval hovudpostar frå brutto driftsresultat til netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter. Tala er frå 2013 til 2015, og er veggd gjennomsnitt for kommunane i Møre og Romsdal.



Figuren viser at netto driftsresultat blei på 2,2 prosent av brutto driftsinntekter i 2015. Det er over 2 prosentpoeng betre enn i 2014, og på nivå med resultatet i 2013.

Det har vore svingingar i driftsnivået, eller brutto driftsresultat, dei tre siste åra. Svingane i driftsnivået er samanfallande med svingingane i netto driftsresultat. Rentenivået, finansmarknaden og avdraga er faktorar som kommunane i liten grad sjølv kan påverke, anna enn gjennom langsiktige strategiar og tiltak. På kort sikt er det driftsnivået kommunane lettast kan påverke. I all hovudsak er det høgare brutto driftsresultat som gjer at netto driftsresultat har styrka seg frå 2014 til 2015.

I 2015 betalte kommunane i Møre og Romsdal i gjennomsnitt 0,9 prosentpoeng lågare avdrag enn avskrivingane. Det viser at verdien på kommunane sine eigendalar blir redusert med meir enn kommunane betalar ned på tilhøyrande lån. Verdien på formuen til kommunane blir difor redusert, sjølv om ikkje har resultateffekt i rekneskapen.

I resterande del av kapitel 2 blir postane frå brutto til netto driftsresultat vist på kommunenivå.

## 2.1 – BRUTTO DRIFTSRESULTAT

Tabell 1			
	Brutto driftsresultat i prosent av BDI		
	2013	2014	2015
1502 Molde	-0,6 %	-4,1 %	4,2 %
1504 Ålesund	0,9 %	-1,7 %	2,4 %
1505 Kristiansund	0,6 %	-1,0 %	1,2 %
1511 Vanylven	8,6 %	3,4 %	4,7 %
1514 Sande	-0,9 %	-2,8 %	-4,5 %
1515 Herøy	-7,0 %	-6,0 %	0,0 %
1516 Ulstein	10,2 %	3,7 %	5,3 %
1517 Hareid	2,4 %	2,1 %	2,5 %
1519 Volda	-0,1 %	2,5 %	3,2 %
1520 Ørsta	1,2 %	2,3 %	4,1 %
1523 Ørskog	1,6 %	-5,0 %	-2,2 %
1524 Norddal	1,9 %	0,5 %	1,1 %
1525 Stranda	6,6 %	6,8 %	4,0 %
1526 Stordal	7,6 %	4,1 %	-2,0 %
1528 Sykkylven	-0,5 %	-1,7 %	2,2 %
1529 Skodje	1,0 %	-1,7 %	2,6 %
1531 Sula	2,5 %	-0,8 %	2,3 %
1532 Giske	6,8 %	1,2 %	0,9 %
1534 Haram	3,9 %	3,1 %	2,3 %
1535 Vestnes	0,5 %	1,6 %	1,0 %
1539 Rauma	0,2 %	0,8 %	-1,5 %
1543 Nesset	0,6 %	0,2 %	1,0 %
1545 Midsund	4,5 %	2,0 %	2,2 %
1546 Sandøy	-3,5 %	-2,6 %	-4,6 %
1547 Aukra	29,1 %	21,3 %	19,4 %
1548 Fræna	0,9 %	2,9 %	5,2 %
1551 Eide	0,6 %	1,2 %	2,2 %
1554 Averøy	6,1 %	3,6 %	5,2 %
1557 Gjemnes	7,3 %	8,3 %	6,3 %
1560 Tingvoll	3,4 %	0,9 %	3,6 %
1563 Sunndal	3,2 %	1,8 %	2,6 %
1566 Surnadal	-2,5 %	-0,2 %	0,0 %
1567 Rindal	1,4 %	-3,5 %	-1,0 %
1571 Halsa	5,6 %	6,1 %	8,3 %
1573 Smøla	0,5 %	-4,3 %	0,4 %
1576 Aure	4,1 %	2,9 %	6,4 %
Møre og Romsdal	2,2 %	0,4 %	2,8 %
Noreg u/Oslo	2,3 %	0,9 %	2,8 %

Kjelde: SSB

Tabell 1 viser brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter. Brutto driftsresultat er dei totale driftsinntektene trekt frå utgiftene som er knytt til den årlege drifta av kommunane, inkludert avskrivingar. Eit godt brutto driftsresultat kan nyttast til å svare for ei høgare lånegjeld, til eigenkapital i investeringar eller til å dekke opp for uventa utgifter eller svikt i inntekta.

Tabellen viser at nivået på brutto driftsresultat har vore ustabilt for Møre og Romsdal dei siste åra. Frå 2013 til 2014 ble det blitt svekka med 1,8 prosentpoeng, frå 2,2 til 0,4 prosent av brutto driftsinntekter. For landet utanom Oslo svekka brutto driftsresultat seg også frå 2013 til 2014, men ikkje i same grad som i Møre og Romsdal. Brutto driftsresultat har stort sett vore på eit høgare nivå i Møre og Romsdal enn for Noreg utan Oslo dei siste åra. Dei tre siste åra har Noreg utan Oslo samla sett hatt eit høgare nivå på brutto driftsresultat enn kommunane i Møre og Romsdal.

Aukra har det høgaste brutto driftsresultatet i fylket med 19,4 prosent av driftsinntektene. Mykje av det gode resultatet skuldast at Aukra har store inntekter frå skatt på eigedom. Sandøy fekk det lågaste brutto driftsresultatet i 2015 med -4,6 prosent av driftsinntektene. Skilnaden mellom høgaste og lågaste brutto driftsresultat er på 23,9 prosentpoeng.

I 2015 var det seks kommunar som hadde eit negativt brutto driftsresultat. Når ein kommune får eit negativt brutto driftsresultat, har den høgare utgifter til drift enn driftsinntekter. Ved å nytte så mykje av driftsinntektene til drifta, er kommunen avhengig av eit positivt bidrag frå finanstransaksjonane, eller oppsparte midlar frå tidlegare år, for å unngå eit meirforbruk.

## 2.2 – NETTO RENTER

	<b>Tabell 2</b> <b>Netto renter i pst av brutto driftsinntekter</b>		
	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
1502 Molde	-2,9 %	-0,9 %	-1,8 %
1504 Ålesund	-2,3 %	-2,3 %	-2,6 %
1505 Kristiansund	-2,3 %	-2,1 %	-2,0 %
1511 Vanylven	-0,5 %	-1,2 %	-1,1 %
1514 Sande	-1,7 %	-1,5 %	-1,2 %
1515 Herøy	-0,3 %	-1,3 %	-1,2 %
1516 Ulstein	-2,7 %	-3,1 %	-3,5 %
1517 Hareid	-1,7 %	-1,7 %	-1,2 %
1519 Volda	-1,3 %	-2,1 %	-1,4 %
1520 Ørsta	1,0 %	-0,3 %	-0,4 %
1523 Ørskog	-0,2 %	0,2 %	-0,9 %
1524 Norddal	-0,1 %	0,0 %	-1,0 %
1525 Stranda	-2,9 %	-4,3 %	-4,3 %
1526 Stordal	-1,6 %	-1,9 %	-0,5 %
1528 Sykkylven	-2,2 %	-2,5 %	-1,2 %
1529 Skodje	-1,2 %	-1,0 %	-1,2 %
1531 Sula	-2,4 %	-2,1 %	-2,0 %
1532 Giske	-3,8 %	-4,5 %	-4,5 %
1534 Haram	-3,3 %	-2,9 %	-2,9 %
1535 Vestnes	-2,1 %	-1,9 %	-2,2 %
1539 Rauma	0,5 %	0,1 %	0,3 %
1543 Nesset	-2,1 %	-1,4 %	-0,7 %
1545 Midsund	-1,1 %	-1,3 %	-1,3 %
1546 Sandøy	1,2 %	0,4 %	-0,8 %
1547 Aukra	0,0 %	-0,2 %	-0,1 %
1548 Fræna	-2,4 %	-1,8 %	-1,8 %
1551 Eide	-3,3 %	-3,0 %	-2,3 %
1554 Averøy	-2,6 %	-2,5 %	-2,2 %
1557 Gjemnes	-2,0 %	-1,6 %	-1,3 %
1560 Tingvoll	-3,6 %	-3,1 %	-2,4 %
1563 Sunndal	-0,4 %	0,1 %	0,0 %
1566 Surnadal	-0,5 %	-0,6 %	-0,4 %
1567 Rindal	0,0 %	-0,5 %	-0,3 %
1571 Halsa	-1,0 %	-1,1 %	-0,4 %
1573 Smøla	-1,0 %	-0,8 %	-1,2 %
1576 Aure	-0,8 %	-0,6 %	-0,6 %
<b>Møre og Romsdal</b>	<b>-1,8 %</b>	<b>-1,7 %</b>	<b>-1,7 %</b>
<b>Noreg u/Oslo</b>	<b>-0,8 %</b>	<b>-0,8 %</b>	<b>-0,8 %</b>

Kjelde: SSB

Tabell 2 viser netto renter for kommunane i Møre og Romsdal kvar for seg og samla, samt for kommunane i landet utanom Oslo. Netto renter er definert som renteinntekter fråtrekt renteutgifter. I renteinntektene inngår avkastning på bankinnskott, så vel som utbytte frå kommunale aksjeselskap og andre eigaruttak. Renteutgifter inkluderer renteutgifter på lån samt provisjonar og andre finansutgifter.

Av tabellen går det fram at kommunane i Møre og Romsdal har høgare netto renteutgifter enn for kommunane i landet utanom Oslo. Dei tre siste åra har kommunane i Møre og Romsdal hatt om lag 1,7 prosent av brutto driftsinntekter i netto renteutgifter. Kommunane i landet utanom Oslo har hatt eit stabil nivå på netto renteutgifter på 0,8 prosent av brutto driftsinntekt.

På kommunenivå er det er større variasjonar, både i nivå på netto renter og svingingar frå år til år. I 2015 var det Giske kommune som hadde dei lågast netto renter i fylket med netto renteutgifter 4,5 prosent av brutto driftsinntekt. Rauma kommune hadde i 2015 netto renteinntekter på 0,3 prosent av brutto driftsinntekter. Rauma kommune har hatt netto renteinntekter alle dei tre siste åra. Rauma kommune har ikkje nødvendigvis lågare renteutgifter enn andre kommunar, men har relativt høge renteinntekter og utbytte. Det gjer at

kommunen samla sett ikkje har kostnadane knytt til finanstransaksjonane. Dette er likevel unntaket, langt på veg dei fleste kommunane, både i Møre og Romsdal og i landet elles, har netto renteutgifter på denne posten.

## 2.3 – FINANSIELLE INSTRUMENT

Tabell 3				
	Finansielle instrument i pst av driftsinntekt	2013	2014	2015
1502 Molde		0,4 %	0,2 %	-0,1 %
1504 Ålesund		0,8 %	0,6 %	0,4 %
1505 Kristiansund		0,0 %	0,0 %	0,0 %
1511 Vanylven		0,0 %	0,0 %	0,0 %
1514 Sande		2,5 %	1,8 %	1,0 %
1515 Herøy		1,3 %	0,1 %	-0,1 %
1516 Ulstein		0,2 %	0,1 %	0,1 %
1517 Hareid		0,0 %	0,0 %	0,0 %
1519 Volda		0,9 %	0,5 %	0,1 %
1520 Ørsta		0,0 %	0,0 %	0,0 %
1523 Ørskog		0,0 %	0,0 %	0,0 %
1524 Norddal		0,2 %	-0,4 %	-0,8 %
1525 Stranda		0,0 %	0,0 %	0,0 %
1526 Stordal		0,0 %	0,7 %	0,0 %
1528 Sykkylven		0,7 %	0,7 %	4,8 %
1529 Skodje		0,0 %	-0,1 %	-0,2 %
1531 Sula		1,9 %	1,4 %	0,5 %
1532 Giske		2,7 %	0,6 %	0,5 %
1534 Haram		5,4 %	3,4 %	2,2 %
1535 Vestnes		1,0 %	1,0 %	-0,1 %
1539 Rauma		0,0 %	0,0 %	0,0 %
1543 Nesset		0,0 %	0,0 %	0,0 %
1545 Midsund		0,0 %	0,0 %	0,0 %
1546 Sandøy		2,9 %	0,0 %	-0,1 %
1547 Aukra		0,0 %	0,1 %	0,1 %
1548 Fræna		1,3 %	1,2 %	0,4 %
1551 Eide		2,6 %	2,0 %	0,8 %
1554 Averøy		0,0 %	0,0 %	0,0 %
1557 Gjemnes		0,4 %	0,1 %	-0,1 %
1560 Tingvoll		0,0 %	0,0 %	0,0 %
1563 Sunndal		0,0 %	0,0 %	0,0 %
1566 Surnadal		0,7 %	0,5 %	0,3 %
1567 Rindal		0,0 %	0,0 %	0,0 %
1571 Halsa		0,0 %	0,0 %	0,0 %
1573 Smøla		0,0 %	0,0 %	0,0 %
1576 Aure		0,0 %	0,0 %	0,0 %
Møre og Romsdal		0,7 %	0,4 %	0,3 %
Noreg u/Oslo		0,5 %	0,3 %	0,2 %

Kjelde: SSB

Tabell 3 viser netto gevinst eller tap på finansielle instrument som er klassifisert som omløpsmiddel i prosent av brutto driftsinntekter. Døme på finansielle instrument kan vere plasseringar på børs og i fond, samt andre verdipapir og derivat med finansielt oppgjer. Tala i tabellen er utrekna frå gevinst finansielle instrument fråtrekt tap på finansielle instrument.

Dei siste tre åra har resultatet frå netto finansielle instrument for kommunane i Møre og Romsdal samla vore om lag på nivå med kommunane i landet utanom Oslo. Kommunane i Møre og Romsdal samla har fått eit marginalt betre resultat enn kommunane i landet utanom Oslo.

Tidlegare har det vore større nivåskilnad på kommunane i Møre og Romsdal samanlikna med kommunane i Noreg utanom Oslo. Det gjorde seg gjeldane både når finansmarknaden ga avkastning, men òg når finansmarknaden ga tap. Trenden har vore at kommunane i Møre og Romsdal samla har lågare eksponering for svingingar i finansmarknaden no enn tidlegare.

På kommunenivå i Møre og Romsdal går det fram at langt frå alle kommunane har finansielle instrument. Med føresetnaden at dei kommunane som har hatt 0 i resultat alle dei tre siste åra ikkje har finansielle

instrument, er 17 kommunar som ikkje har finansielle instrument. Det utgjer om lag halvparten av kommunane i Møre og Romsdal.

## 2.4 – AVDRAG

	Tabell 4 Avdrag i prosent av brutto driftsinntekter		
	2013	2014	2015
1502 Molde	4,6 %	4,7 %	4,7 %
1504 Ålesund	3,5 %	3,7 %	3,3 %
1505 Kristiansund	2,7 %	2,8 %	3,1 %
1511 Vanylven	3,1 %	2,7 %	3,2 %
1514 Sande	2,5 %	2,8 %	3,1 %
1515 Herøy	3,2 %	3,4 %	3,1 %
1516 Ulstein	3,2 %	4,1 %	5,2 %
1517 Hareid	3,4 %	3,4 %	3,3 %
1519 Volda	3,5 %	3,0 %	2,8 %
1520 Ørsta	3,0 %	2,8 %	2,6 %
1523 Ørskog	3,4 %	3,6 %	3,8 %
1524 Norddal	6,2 %	6,3 %	6,2 %
1525 Stranda	6,0 %	7,8 %	6,5 %
1526 Stordal	3,5 %	4,1 %	4,5 %
1528 Sykkylven	2,8 %	2,6 %	2,7 %
1529 Skodje	4,3 %	3,9 %	4,3 %
1531 Sula	3,0 %	3,2 %	3,1 %
1532 Giske	4,7 %	5,4 %	5,2 %
1534 Haram	4,5 %	4,6 %	4,7 %
1535 Vestnes	2,7 %	2,9 %	3,0 %
1539 Rauma	3,7 %	3,6 %	3,9 %
1543 Nesset	3,2 %	3,3 %	3,3 %
1545 Midsund	2,8 %	3,0 %	2,9 %
1546 Sandøy	3,5 %	4,0 %	4,2 %
1547 Aukra	3,8 %	5,5 %	5,2 %
1548 Fræna	3,3 %	3,5 %	3,0 %
1551 Eide	3,1 %	3,0 %	2,9 %
1554 Averøy	4,0 %	4,4 %	4,4 %
1557 Gjemnes	3,2 %	3,3 %	3,2 %
1560 Tingvoll	4,5 %	4,9 %	5,5 %
1563 Sunndal	2,2 %	2,4 %	2,6 %
1566 Surnadal	3,4 %	3,3 %	2,7 %
1567 Rindal	3,6 %	3,5 %	3,8 %
1571 Halsa	4,7 %	5,1 %	4,9 %
1573 Smøla	4,2 %	4,1 %	4,2 %
1576 Aure	3,7 %	3,8 %	4,2 %
Møre og Romsdal	3,6 %	3,7 %	3,7 %
Noreg u/Oslo	3,1 %	3,2 %	3,2 %

Kjelde: SSB

Tabell 4 viser det kommunane betalar i avdrag i driftsrekneskapen i prosent av brutto driftsinntekter. Kommunane kan betale ekstraordinære avdrag i investeringsrekneskapen. I dei tilfelle kommunane mottek avdrag på utlån eller refusjonar på gitte forskotteringar, skal kommunane også avdrag dei tilhøyrande låna uavkorta. Dei to sistnemnte er ikkje medrekna i tabellen her, fordi dei som regel går via investeringsrekneskapen. Kvart år skal kommunane avdra lånegjelda knytt til investeringar med like årlege avdrag over driftsrekneskapen slik at attståande løpetid for at kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje skal overstige den veide levetida for kommunen sine anleggsmiddel ved siste årsskifte.

Tabellen viser at kommunane i Møre og Romsdal samla betaler avdrag på om lag 0,5 prosent meir av brutto driftsinntekter enn kommunane i landet utanom Oslo. Kommunane i Møre og Romsdal samla betaler 3,7 prosent av brutto driftsinntekter i avdrag, medan landet utanom Oslo betaler 3,2 prosent av brutto driftsinntekter. Det vil seie at kommunane her i fylket betaler 16 prosent meir i avdrag enn kommunane i landet utanom Oslo. Som det går fram lenger bak i rapporten, kan det vere fordi kommunane her i fylket har høgare lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter enn kommunane i landet utanom Oslo. Den analysen føreset at alle kommunane betaler ned ein lik del av lånegjelda og har lik avdragsperiode på låna. Den føresetnaden er nok ikkje til stade.

Stranda kommune betaler høgst avdrag i prosent av brutto driftsinntekter, med 6,5 prosent. Ørsta kommune betaler det lågaste avdraget i fylket med 2,6 prosent av brutto driftsinntekter.

## 2.5 – AVSKRIVINGAR

	<b>Tabell 5</b>			
	<b>Avskrivingar i pst av brutto driftsinntekt</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
1502 Molde		4,9 %	5,0 %	5,3 %
1504 Ålesund		4,5 %	4,8 %	4,6 %
1505 Kristiansund		3,8 %	3,9 %	4,3 %
1511 Vanylven		4,1 %	4,1 %	4,6 %
1514 Sande		4,3 %	4,7 %	5,0 %
1515 Herøy		4,6 %	4,7 %	5,2 %
1516 Ulstein		4,3 %	5,2 %	6,5 %
1517 Hareid		5,2 %	4,9 %	4,8 %
1519 Volda		4,4 %	3,9 %	4,1 %
1520 Ørsta		3,8 %	3,6 %	3,4 %
1523 Ørskog		4,9 %	4,8 %	5,1 %
1524 Norddal		5,9 %	5,8 %	6,1 %
1525 Stranda		7,5 %	7,2 %	7,1 %
1526 Stordal		3,2 %	5,1 %	5,4 %
1528 Sykkylven		3,8 %	4,1 %	4,1 %
1529 Skodje		3,4 %	4,2 %	4,0 %
1531 Sula		4,6 %	4,8 %	4,8 %
1532 Giske		4,3 %	5,0 %	5,6 %
1534 Haram		4,7 %	4,8 %	4,7 %
1535 Vestnes		3,3 %	3,4 %	3,4 %
1539 Rauma		3,0 %	3,0 %	3,2 %
1543 Nesset		3,7 %	4,0 %	4,4 %
1545 Midsund		2,5 %	3,0 %	3,3 %
1546 Sandøy		3,6 %	4,9 %	5,5 %
1547 Aukra		3,8 %	6,3 %	6,8 %
1548 Fræna		3,6 %	3,5 %	3,5 %
1551 Eide		3,6 %	3,9 %	3,9 %
1554 Averøy		3,8 %	4,0 %	4,4 %
1557 Gjemnes		3,6 %	3,8 %	4,2 %
1560 Tingvoll		5,0 %	5,5 %	5,1 %
1563 Sunndal		3,5 %	3,6 %	3,4 %
1566 Surnadal		3,8 %	4,0 %	4,0 %
1567 Rindal		5,4 %	5,7 %	5,9 %
1571 Halsa		5,2 %	5,3 %	4,9 %
1573 Smøla		5,7 %	5,9 %	5,8 %
1576 Aure		4,3 %	4,5 %	0,0 %
<b>Møre og Romsdal</b>	<b>4,3 %</b>	<b>4,5 %</b>	<b>4,6 %</b>	
<b>Noreg u/Oslo</b>	<b>4,2 %</b>	<b>4,4 %</b>	<b>4,5 %</b>	

Kjelde: SSB

Tabell 5 viser avskrivingane i prosent av brutto driftsinntekter. Anleggsmidlane til kommunen skal bli vurdert til netto innkjøpskost. Dei anleggsmiddel som har avgrensa økonomisk levetid, skal bli avskrive med like årlege store beløp over levetida til anleggsmiddelet. Slik viser avskrivingane den lineære verdireduksjonen av anleggsmidlane til kommunane.

Av tabellen går det fram at det er om lag same nivå på avskrivingane i kommunane i landet utanom Oslo som for kommunane i Møre og Romsdal. Kommunane i Møre og Romsdal hadde avskrivingar på 4,6 prosent av brutto driftsinntekter i 2015. medan kommunane i landet utanom Oslo hadde 4,5 prosent.

I kapitel 2.4 om avdrag gikk det fram at avdraga for kommunane i Møre og Romsdal samla var på 3,7 prosent. Når avskrivingane er høyare enn avdraga, tyder det på at verdien på anleggsmidlane blir redusert med meir enn kommunen betaler ned låna knytt til dei same anleggsmidlane. Konsekvensen av det er at kommunen sin formue blir redusert. Det kan vere fleire årsaker til at det skjer. Éin årsak kan vere at kommunane tidlegare har finansiert anleggsmidlane med eigenkapital, noko som vil redusere avdraga, men ikkje avskrivingane.

Stranda kommune har det høgaste nivået på avskrivingane, mål i prosent av brutto driftsinntekter, med 7,1 prosent. Det kommunen som har hatt høgaste


vekst i avskrivingane frå 2013 til 2015 er Aukra kommune. Aukra kommune hadde 3,8 prosent av brutto driftsinntekter i avskrivingar i 2013. Det auka til 6,8 prosent i 2015. Det kan tyde på at Aukra kommune hadde store anleggsmiddel som starta si avskrivingstid i denne perioden.

## 2.5 – NETTO DRIFTSRESULTAT

Netto driftsresultat blir sett på som hovudindikatoren for den økonomiske situasjonen i kommunane. Netto driftsresultat viser overskotet, eller underskotet, etter at alle årets utgifter er trekt frå alle årets inntekter. Netto driftsresultat viser på den måten kor stor del av inntekta det året som er igjen til disposisjon, eller som må bli dekka av oppsparte midlar. Dei frie midlane i netto driftsresultat kan nyttast til å finansiere investeringar eller bli avsett til seinare år. Om kommunen har fått eit negativt netto driftsresultat, må det dekkast ved å nytte tidlegare avsette midlar og/eller stryke budsjetterte avsetningar, for å unngå meirforbruk. TBU tilrår at netto driftsresultat for kommunesektoren bør utgjere om lag 1,75 prosent (frå og med 2014) over tid for at formuebevaringsprinsippet skal bli ivaretatt. Det tilrådde nivået på netto driftsresultat kan variere frå kommune til kommune, særleg knytt til graden av lånefinansieringa i kommunen. Om ein kommune betaler mykje over minste tillatne avdrag, vil den framleis ivareta formuen sjølv om netto driftsresultat er lågare enn 1,75 prosent. Om kapitalslitet i ein kommune er høgare enn betalte avdrag, så stiller det høgare krav til eit godt netto driftsresultat for at formuen skal bli ivaretatt.

Figur 3 viser netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter dei siste fem år under eitt på fylkes- og landsnivå utanom Oslo. Det vil seie at netto driftsresultat frå 2010 til 2014 er blitt rekna saman for alle kommunane i kvart fylke. Netto driftsresultat er så delt på summen av driftsinntektene dei siste fem år. Då får ein sjå korleis netto driftsresultat har vore over tid.


**Figur 2**  
**Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter**  
**siste 5 år i eitt**



Av Figur 2 ser vi at Møre og Romsdal sitt netto driftsresultat dei siste fem år under eitt er i det nedre sjiktet av alle kommunane på fylkesnivå med eit gjennomsnitt på 1,5 prosent av brutto driftsinntekter. Møre og Romsdal sitt netto driftsresultat dei siste fem åra er godt under tilrådinga frå TBU. Vi har vekta tilrådinga frå TBU dei 5 siste åra til eit gjennomsnittleg netto driftsresultat på 2,4 prosent av brutto driftsinntekter. Det er åtte fylke som har hatt eit på netto driftsresultat som er på nivå med eller høgare tilrådinga frå TBU. Alle kommunane i Noreg utanom Oslo har hatt eit netto driftsresultat på 2,4 prosent dei siste fem år under eitt.

Figur 3 under viser netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter for ei fem siste åra i eitt for kommunane i Møre og Romsdal, på kommunenivå og samla, samt kommunane i landet utanom Oslo.

**Figur 3**  
**Netto driftsresultat i pst av brutto driftsinntekter, siste 5 år i eitt**



Figur 3 viser at det er ni kommunar som har hatt eit netto driftsresultat dei siste fem åra under eitt som er høgare enn tilrådinga frå TBU på 2,5 prosent for åra 2011 til 2015. Like mange kommunar har dei fem siste åra under eitt hatt eit negativt netto driftsresultat. Aukra kommune har det høgaste netto driftsresultatet for denne perioden med heile 21,9 prosent. Sandøy kommune har det lågaste netto driftsresultatet med -1,5 prosent.

	<b>Tabell 6</b>		
	<b>Netto driftsresultat i pst av brutto driftsinntekt</b>		
	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
1502 Molde	0,0 %	-1,7 %	3,2 %
1504 Ålesund	0,4 %	-1,9 %	1,5 %
1505 Kristiansund	-0,4 %	-1,9 %	0,5 %
<b>1511 Vanylven</b>	<b>7,5 %</b>	<b>2,1 %</b>	<b>3,5 %</b>
1514 Sande	0,6 %	-0,5 %	-3,1 %
1515 Herøy	-5,1 %	-6,2 %	0,6 %
1516 Ulstein	8,5 %	1,8 %	2,8 %
<b>1517 Hareid</b>	<b>2,0 %</b>	<b>1,8 %</b>	<b>2,6 %</b>
1519 Volda	0,4 %	1,9 %	3,1 %
<b>1520 Ørsta</b>	<b>2,9 %</b>	<b>2,6 %</b>	<b>4,3 %</b>
1523 Ørskog	2,5 %	-4,5 %	-2,6 %
<b>1524 Norddal</b>	<b>1,0 %</b>	<b>-1,9 %</b>	<b>-1,7 %</b>
1525 Stranda	6,3 %	2,1 %	0,1 %
<b>1526 Stordal</b>	<b>7,1 %</b>	<b>4,6 %</b>	<b>-0,8 %</b>
1528 Sykkylven	-0,2 %	-1,1 %	8,3 %
<b>1529 Skodje</b>	<b>0,1 %</b>	<b>-1,5 %</b>	<b>1,9 %</b>
1531 Sula	3,5 %	0,1 %	2,4 %
<b>1532 Giske</b>	<b>5,2 %</b>	<b>-3,4 %</b>	<b>-2,9 %</b>
1534 Haram	5,5 %	2,2 %	0,1 %
<b>1535 Vestnes</b>	<b>0,0 %</b>	<b>1,3 %</b>	<b>-0,6 %</b>
1539 Rauma	0,2 %	-0,5 %	-1,3 %
<b>1543 Nesset</b>	<b>-1,0 %</b>	<b>-0,6 %</b>	<b>1,6 %</b>
1545 Midsund	4,3 %	0,0 %	1,5 %
<b>1546 Sandøy</b>	<b>0,6 %</b>	<b>-1,3 %</b>	<b>-2,5 %</b>
<b>1547 Aukra</b>	<b>26,2 %</b>	<b>18,2 %</b>	<b>17,8 %</b>
<b>1548 Fræna</b>	<b>0,4 %</b>	<b>1,6 %</b>	<b>4,7 %</b>
<b>1551 Eide</b>	<b>0,1 %</b>	<b>0,4 %</b>	<b>1,6 %</b>
<b>1554 Averøy</b>	<b>3,3 %</b>	<b>0,6 %</b>	<b>2,8 %</b>
1557 Gjemnes	5,9 %	7,5 %	6,2 %
<b>1560 Tingvoll</b>	<b>1,0 %</b>	<b>-1,5 %</b>	<b>0,9 %</b>
1563 Sunndal	4,2 %	3,2 %	3,6 %
<b>1566 Surnadal</b>	<b>-2,1 %</b>	<b>-0,5 %</b>	<b>0,8 %</b>
<b>1567 Rindal</b>	<b>3,6 %</b>	<b>-1,8 %</b>	<b>0,9 %</b>
<b>1571 Halsa</b>	<b>5,9 %</b>	<b>4,7 %</b>	<b>6,9 %</b>
<b>1573 Smøla</b>	<b>1,4 %</b>	<b>-3,0 %</b>	<b>0,8 %</b>
<b>1576 Aure</b>	<b>3,4 %</b>	<b>2,2 %</b>	<b>1,2 %</b>
<b>Møre og Romsdal</b>	<b>2,1 %</b>	<b>0,0 %</b>	<b>2,2 %</b>
<b>Noreg u/Oslo</b>	<b>2,4 %</b>	<b>0,6 %</b>	<b>2,4 %</b>

Kjelde: SSB

Tabell 6 viser utviklinga i netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter på kommunenivå i Møre og Romsdal og for landet utanom Oslo for kvart av dei siste tre åra.

Som tidlegare omtala, har swingingane i netto driftsresultat vore på same nivå for kommunane i Møre og Romsdal som for kommunane i landet utanom Oslo. Kommunane i Møre og Romsdal samla har vore på eit noko lågare nivå for netto driftsresultat samanlikna med kommunen i landet utanom Oslo.

Aukra kommune har det høgaste nivået på netto driftsresultat i 2015 med 17,8 prosent av brutto driftsinntekter. Aukra kommune er i ei finansiell særstilling som følgje av ekstraordinære eigedomsskatteinntekter frå verk og bruk. Dei siste åra har Aukra kommune sitt bidrag til netto driftsresultat for kommunane i fylket vore om lag ein halv prosentpoeng. Netto driftsresultat for kommunane i Møre og Romsdal utanom Aukra kommune er på nivå med tilrådinga frå TBU på 1,75 prosent av brutto driftsinntekter i 2015.

I 2015 var det 15 kommunar som hadde eit netto driftsresultat som var på nivå med eller høgare enn tilrådinga frå TBU. Det var åtte kommunar som fekk eit negativt netto driftsresultat i 2015.


### 3 – INVESTERINGAR OG LÅNEGJELD

For å yte gode tenester til innbyggjarane treng kommunane mellom anna gode barnehage- og skulebygg, vegar samt gode infrastrukturar for vassforsyning, avløp og renovasjon. I tillegg bidrar kanskje kommunen med bygg og anlegg til kultur, idrett og andre ideelle føremål. Alt dette treng si finansiering. I mange rapportar er det vist at lånegjelda har blitt større, og at lånegjelda stig raskare enn inntektene til kommunane. Er det slik at kommunane har lånt over pipa på rådhuset?



Men kvifor er det slik at kommunane i Møre og Romsdal har høgare gjeld enn landsgjennomsnittet? Investerer kommunane her i fylket i gode, framtidsretta bygg med låge forvaltnings-, drifts- og vedlikehaldsutgifter som gjer at auka finanskostnadane kan bli motrekna mot lågare utgifter til drift og vedlikehald? Eller er dette symptom på at kommunane ikkje har råd til å betale ned meir gjeld og ikkje har råd til eigenfinansiering av investeringane? Bilete blir meir nyansert dess lengre inn i tematikken ein kjem.

**Figur 4**  
Årskostnad som funksjon av planmessig vedlikehald



### 3.1 – INVESTERINGAR

	<b>Tabell 7</b> <b>Brutto investeringsutgifter i pst av BDI</b>		
	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
1502 Molde	14,9 %	11,0 %	15,7 %
1504 Ålesund	17,5 %	15,5 %	10,6 %
1505 Kristiansund	12,1 %	18,6 %	20,2 %
1511 Vanylven	33,0 %	12,6 %	5,6 %
1514 Sande	11,4 %	8,6 %	13,5 %
1515 Herøy	9,8 %	23,1 %	16,6 %
1516 Ulstein	38,3 %	63,9 %	35,0 %
1517 Hareid	9,3 %	6,9 %	7,2 %
1519 Volda	5,7 %	12,8 %	12,3 %
1520 Ørsta	4,9 %	6,0 %	8,0 %
1523 Ørskog	11,4 %	12,8 %	10,3 %
1524 Norddal	15,1 %	9,9 %	28,4 %
1525 Stranda	17,6 %	3,6 %	9,1 %
1526 Stordal	12,0 %	27,5 %	11,8 %
1528 Sykkylven	6,2 %	2,6 %	2,7 %
1529 Skodje	14,8 %	16,3 %	9,5 %
1531 Sula	12,0 %	12,3 %	16,2 %
1532 Giske	33,8 %	45,1 %	12,3 %
1534 Haram	11,1 %	7,5 %	14,1 %
1535 Vestnes	5,8 %	5,1 %	6,9 %
1539 Rauma	7,4 %	12,6 %	25,9 %
1543 Nesset	5,5 %	13,1 %	7,3 %
1545 Midsund	9,4 %	8,7 %	14,0 %
1546 Sandøy	19,7 %	15,3 %	10,2 %
1547 Aukra	49,5 %	18,5 %	14,9 %
1548 Fræna	5,5 %	6,1 %	8,4 %
1551 Eide	3,3 %	1,7 %	3,8 %
1554 Averøy	22,6 %	9,0 %	24,3 %
1557 Gjemnes	2,4 %	3,6 %	4,2 %
1560 Tingvoll	11,9 %	10,0 %	15,2 %
1563 Sunndal	6,2 %	11,2 %	9,4 %
1566 Surnadal	6,4 %	7,8 %	9,8 %
1567 Rindal	17,9 %	15,9 %	11,6 %
1571 Halsa	9,1 %	4,4 %	4,2 %
1573 Smøla	9,4 %	2,7 %	7,1 %
1576 Aure	6,5 %	17,0 %	26,7 %
<b>Møre og Romsdal</b>	<b>14,1 %</b>	<b>14,3 %</b>	<b>13,6 %</b>
<b>Noreg u/Oslo</b>	<b>12,7 %</b>	<b>13,5 %</b>	<b>14,5 %</b>

Kjelde: SSB


Tabell 7 viser brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter. Brutto investeringsutgifter er i hovudsak kjøp av varer og tenester for å produsere årets investeringar.

Investeringsnivået i landet har vore relativt stabilt på om lag 13 prosent av brutto driftsinntekter i fleire år. Investeringsnivået i Møre og Romsdal har samstundes vore høgare enn landsgjennomsnittet utanom Oslo. I 2015 var det omvendt – investeringsnivået for landet utanom Oslo var høgare enn for kommunane i Møre og Romsdal samla.

På kommunenivå ser vi at det er stor variasjon i investeringsnivået kommunane imellom, og for den enkelte kommune frå år til år. Ulstein kommune hadde eit investeringsnivå på om lag 64 prosent av brutto driftsinntekter i 2014, medan Eide kommune hadde berre 1,7 prosent dét året. Aukra kommune hadde eit investeringsnivå på om lag halvparten av brutto driftsinntekter i 2013, medan i 2015 var investeringsnivået nede på om lag 15 prosent av brutto driftsinntekter.

Det tre største kommunane i Møre og Romsdal har hatt eit relativt stabilt investeringsnivå på mellom 10 og 20 prosent av brutto driftsinntekter. For mindre kommunar er investeringsnivået meir ustabilt. Det er naturleg at ei stor investering i ein liten kommune vil få

stort utslag på desse tala under oppføringsperioden. Etter perioden med investeringar vil sannsynlegvis investeringsbehovet vere dekka for perioden framover.



Figuren over viser sektorvise brutto investeringsutgifter i prosent av brutto investeringsutgifter i 2015. Det gir eit bilet på kva for investeringar som har blitt prioritert innanfor investeringsramma som er vedteken, uavhengig av storleiken på investeringsramma. Alternativt kan brutto investeringsutgifter for kvar sektor bli mål i høve til brutto driftsinntekter. Det vil gi eit bilet på kor mykje kvar sektor har blitt prioritert i høve til den totale økonomien i kommunen.


Av figuren går det fram at det er relativt lite som skillar kommunane i Møre og Romsdal samla og kommunane i landet utanom Oslo når det gjeld investeringsutgiftene innan dei ulike sektorane. Den største skilnaden er på investeringar innan vatn, avløp og renovasjon, med 1,2 prosentpoeng av brutto investeringsutgifter.

Analyser av investeringsutgiftene på kommunenivå vil nok vise større skilnader enn det som går fram av figuren. For analyser på kommunenivå bør ein legge til grunn lengre tidsperiodar.

Investeringsutgiftene er delt i ein lag rekke sektorar. Posten «andre» inneholder mellom anna investeringar i næring, kyrkjer, brann og ulukkevern, og så bortetter. Felles for postane som inngår i kategorien «andre» er at investeringsnivået kan variere mykje frå år til år på kommunenivå.

### 3.2 – LÅNEGJELD

Etter å ha sett investeringsnivået og kva kommunane investerer i, handlar delkapittelet her om korleis investeringane blir finansiert. Ofte blir det vist til netto lånegjeld som hovudindikatoren for å gjere greie for lånesituasjonen og for å samanlikne lånegjeld mellom kommunar. Figuren under dekomponerer langsigkt gjeld ekskludert pensjonsforpliktingar, og viser lånegjelda i milliardar kroner.




Av figuren går det fram at utlån og unytta lånemidlar ikkje er medrekna i netto lånegjeld. Utlåna skal i utgangspunktet vere sjølvfinansierande. Unytta lånemidlar blir ikkje definert som netto lånegjeld før dei er brukt, sjølv om dei representerer avdrags- og renteutgifter i årsbudsjettet. Figuren viser at sjølvkostanlegg er definert inn under netto lånegjeld. Sjølvkostanlegga er likevel ikkje med i omgrepa «avdragsgjeld» og «rentegjeld».

Avdragsgjelta er definert som netto lånegjeld når finansieringsordninga for sjukeheim der staten dekkjer både renter og avdrag er trekt frå. Resterande del av gjelta i netto lånegjeld må kommunekassa sjølv betale avdrag for.


Rentegjelta er netto lånegjeld når alle rentekompensasjonsordninga er trekt frå. Det utgjer den delen av lånegjelta der kommunekassa sjølv må dekke rentene.

Figuren under viser netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter for kommunane dei ulike fylka samla, samt for landet samla utanom Oslo i 2015.



Figuren viser at kommunane i Møre og Romsdal samla har høgare lånegjeld enn landet samla utanom Oslo i 2015. Skilnaden utgjer 15 prosentpoeng av brutto driftsresultat. Det er berre kommunane i Finnmark som har høgare netto lånegjeld enn kommunane i Møre og Romsdal, samla sett. Det er kommunane i Oppland som samla sett har lågast netto lånegjeld.

Figuren under viser utviklinga i netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter for kommunane i Møre og Romsdal samla og kommunane i landet utanom Oslo samla fra 2011 til 2015.



Tabell 7 Lånefinansiering av investeringsutgifter			
	2013	2014	2015
1502 Molde	84 %	76 %	89 %
1504 Ålesund	58 %	79 %	78 %
1505 Kristiansund	83 %	61 %	68 %
1511 Vanylven	43 %	32 %	82 %
1514 Sande	65 %	62 %	47 %
1515 Herøy	46 %	70 %	64 %
1516 Ulstein	81 %	72 %	64 %
1517 Hareid	48 %	46 %	64 %
1519 Volda	81 %	56 %	69 %
1520 Ørsta	74 %	8 %	67 %
1523 Ørskog	74 %	66 %	113 %
1524 Norddal	73 %	59 %	73 %
1525 Stranda	71 %	6 %	29 %
1526 Stordal	149 %	82 %	115 %
1528 Sykkylven	87 %	34 %	59 %
1529 Skodje	96 %	67 %	136 %
1531 Sula	81 %	79 %	86 %
1532 Giske	79 %	83 %	98 %
1534 Haram	91 %	80 %	82 %
1535 Vestnes	-72 %	65 %	-190 %
1539 Rauma	29 %	73 %	65 %
1543 Nesset	76 %	73 %	74 %
1545 Midsund	42 %	55 %	72 %
1546 Sandøy	85 %	47 %	41 %
1547 Aukra	43 %	-2 %	7 %
1548 Fræna	73 %	25 %	62 %
1551 Eide	68 %	88 %	25 %
1554 Averøy	70 %	67 %	69 %
1557 Gjemnes	111 %	-2 %	71 %
1560 Tingvoll	87 %	80 %	80 %
1563 Sunndal	47 %	85 %	75 %
1566 Surnadal	71 %	62 %	69 %
1567 Rindal	62 %	59 %	60 %
1571 Halsa	195 %	73 %	43 %
1573 Smøla	55 %	48 %	63 %
1576 Aure	77 %	8 %	84 %
Møre og Romsdal	68 %	66 %	69 %
Noreg u/ Oslo	65 %	67 %	60 %

Kjelde: SSB

Tabellen til venstre viser lånefinansieringsgraden av brutto investeringsutgifter. Tala er rekna ut frå bruk av lån fråtrekt utlån, delt på brutto investeringsutgifter i alt. Det gir ein peikepinn på i kor stor grad kommunen finansierer investeringane med lån eller andre finansieringskjelder som til dømes eigenkapital. Denne enkle indikatoren er egna til å gi eit raskt oversyn over lånefinansieringa. På kommunenivå kan det vere aktuelt å gå djupare ned i materien, både for å korrigere og nyansere denne indikatoren.

Graden av lånefinansiering har vore relativt stabil dei siste tre åra, både for kommunane i Møre og Romsdal og for landet utanom Oslo. For kommunane i Møre og Romsdal har variasjonen i bruk av lån i prosent av investeringsutgiftene vore mellom 66 og 69 prosent. For landet utanom Oslo har variasjonen vore mellom 60 og 67 prosent. Kommunane i landet utanom Oslo bruker i mindre grad lån til å finansiere investeringsbehovet.

På kommunenivå i Møre og Romsdal er det til dels store skilnadar i lånefinansieringa av investeringane. Det er klart at tala på kommunenivå må bli sett i samanheng med storleiken på investeringsutgiftene, som vist i ein tidlegare tabell. Det vil vere lettare for ein kommune å bruke ein lågare lånefinansieringsgrad ved eit relativt lågare investeringsutgifter, enn det vil vere om investeringsutgiftene er høge. For å redusere lånefinansieringa kan kommunane bruke eigne oppsparte midlar, generert av tidlegare ubrukte løpende inntekter. Då må kommunane ha frie midlar i netto driftsresultat som bli avsett til disposisjonsfond.

Tabell 8 viser utviklinga netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter frå 2013 til 2015 på kommunenivå.

	2013	2014	2015
1502 Molde	123 %	123 %	130 %
1504 Ålesund	96 %	103 %	96 %
1505 Kristiansund	74 %	83 %	93 %
1511 Vanylven	69 %	74 %	75 %
1514 Sande	79 %	79 %	84 %
1515 Herøy	82 %	94 %	99 %
1516 Ulstein	160 %	188 %	192 %
1517 Hareid	91 %	88 %	87 %
1519 Volda	98 %	90 %	93 %
1520 Ørsta	83 %	79 %	78 %
1523 Ørskog	67 %	73 %	78 %
1524 Norddal	117 %	121 %	134 %
1525 Stranda	166 %	179 %	175 %
1526 Stordal	92 %	105 %	113 %
1528 Sykkylven	91 %	95 %	91 %
1529 Skodje	86 %	94 %	92 %
1531 Sula	98 %	101 %	105 %
1532 Giske	133 %	165 %	164 %
1534 Haram	113 %	112 %	97 %
1535 Vestnes	64 %	64 %	50 %
1539 Rauma	50 %	55 %	68 %
1543 Nesset	80 %	86 %	85 %
1545 Midsund	74 %	75 %	80 %
1546 Sandøy	79 %	84 %	85 %
1547 Aukra	76 %	75 %	67 %
1548 Fræna	85 %	78 %	78 %
1551 Eide	104 %	98 %	94 %
1554 Averøy	113 %	117 %	119 %
1557 Gjemnes	71 %	69 %	67 %
1560 Tingvoll	104 %	109 %	111 %
1563 Sunndal	54 %	61 %	63 %
1566 Surnadal	65 %	64 %	68 %
1567 Rindal	62 %	68 %	70 %
1571 Halsa	93 %	89 %	83 %
1573 Smøla	69 %	63 %	62 %
1576 Aure	57 %	57 %	52 %
Møre og Romsdal	93 %	97 %	97 %
Noreg u/Oslo	76 %	80 %	82 %

Kjelde: SSB

Kommunane i Møre og Romsdal samla har høgare netto lånegjeld enn landet utanom Oslo. Landet utanom Oslo har likevel hatt ein høgare vekst i netto lånegjeld enn kommunane i Møre og Romsdal. I 2013 hadde landet utanom Oslo ei netto lånegjeld på 76 prosent av brutto driftsinntekter. Same talet for 2015 var 82 prosent. Det utgjer ein vekst på 6 prosentpoeng frå 2013 til 2015. Veksten i netto lånegjeld for kommunane i Møre og Romsdal var i same periode på 4 prosentpoeng.


På kommunenivå varierer netto lånegjeld meir. Ulstein kommune har rapportert den høgaste netto lånegjelda med 192 prosent av brutto driftsinntekter. Vestnes kommune har rapportert den lågaste med 50 prosent av brutto driftsinntekter.

Stranda kommune hadde tidlegare den høgaste netto lånegjelda i prosent av brutto driftsinntekter. For 2015 har Ulstein kommune rapportert høgare netto lånegjeld. Tabellen under viser at Ulstein kommune har den høgaste netto lånegjelda i Noreg, med Stranda kommune som nummer to. Giske kommune har rapportert den fjerde høgaste netto lånegjelda i landet.

Tabell 9 Noreg topp 5 # Netto lånegjeld i 2015		
1	1516 Ulstein	192 %
2	1525 Stranda	175 %
3	2002 Vardø	169 %
4	1532 Giske	164 %
5	2004 Hammerfest	161 %

Kjelde: SSB

**Figur 8**  
**Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter, 2015**




Figuren over viser netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter på konsernnivå i 2015 for kommunane i Møre og Romsdal, kommunane i Møre og Romsdal samla og for kommunane i landet utanom Oslo. Det er 14 kommunar som har lågare netto lånegjeld enn landsgjennomsnittet utanom Oslo og 22 kommunar som har høgare netto lånegjeld enn landsgjennomsnittet utanom Oslo.

## 4 – FOLKETALSENDRING OG -PROGNOSE

Inntekta til kommunane kjem i stor grad frå innbyggjarane. Frå innbyggjarane får kommunane mellom anna skatteinntekter og innbyggartilskott. Dei to inntektspostane utgjer dei største inntektspostane for alle kommunane sett under eitt. Innbyggartilskottet blir løyvd gjennom statsbudsjettet og delt på kommunane etter mellom anna folketal og demografi. Innbyggjarane genererer òg skatteinntekter for kommunane. Med andre ord så får kommunane meir inntekter jo fleire innbyggjarar. Men jo fleire innbyggjarar ein kommune har, jo høgare utgifter får kommunen.

**Figur 9**


### Endring i folketal frå 1.1.2006 til 1.1.2016



Kartet over viser endringa i folketalet frå frå 1. januar 2006 til 1. januar 2016. I 2006 var folketalet i Møre og Romsdal 244 978. I 2016 var tilsvarande tal 265 290. Det er ei auking på 20 312 innbyggjarar på ti år. I prosent er aukinga på 8,3. I same periode auka folketalet i Noreg med 12,4 prosent. Folketalsveksten har med andre ord vore 50 prosent høgare i landet enn i Møre og Romsdal.

Figuren under viser prosentvis endring i folketalet frå 1. januar 2015 til 1. januar 2016.


**Figur 10**  
**Folketalsendring frå 1.1.2015 til 1.1.2016**



Figuren viser at det var 22 kommunar som hadde positiv folketalsvekst. Åtte kommunar hadde ein vekst i folketalet som var høgare enn landsgjennomsnittet. Det var 15 kommunar som hadde ein høgare folketilvekst enn fylkesgjennomsnittet. I 14 kommunar var det folketalsnedgang i løpet av 2015. Skodje kommune hadde den sterkeste prosentvise folketalsveksten med 3,5 prosent. Det utgjorde 155 personer. Det var likevel Ålesund kommune som hadde den høgaste folketilveksten i tal på personar, med 431.

Figur 11

## Prognose for endring i folketalet i prosent frå 2016 til 2026



Kartet over mellomalternativet i utviklinga i folketalet til SSB. Tala som prognosen bygger på er middels fruktbarheit, middels dødelegheit, middels innanlandsk flyttenivå og middels netto innvandring. Prognosene er framskrive av endringane i folketalet i dei seinare åra. Som ein konsekvens vil dei kommunane som har hatt vekst i folketalet dei siste åra, med dei kriteria òg få vekst i prognosene for åra som kjem. Det same vil det vere for dei kommunane som har hatt ein nedgang i folketalet. Dei vil på same måte få ei prognose som viser at nedgangen vil halde fram. Ein må presisere at dette er ei prognose og at det er knytt ein del uvisse til tala. Mellom anna har netto innvandring frå utlandet vore høg i mange kommunar på grunn av behovet for arbeidskraft. I dei aktuelle kommunane vil det vere vanskeleg å seie sikkert om tendensen med høg netto innvandring frå utlandet kjem til å vare ved i åra som kjem. På grunn av det er det knytt enda større uvisse til prognosene for dei kommunane. Tabell med dei absolutte tala er i appendikset bak i rapporten.


For Møre og Romsdal er det venta ei folketilvekst på i underkant av sju prosent dei neste ti åra. For landet er det venta ein folketilvekst på i underkant av ti prosent.

Tabellen under viser famskriven utvikling for seks ulike aldersgrupper. Framskrivingane er basert på SSB sitt mellomalternativ.

	Tabell 10									
	Famskriven utvikling for fem ulike aldersgrupper basert på SSB sitt mellomalternativ									
	0-5 år		6-15 år		16-19 år		20-66 år		67 år +	
	2016	2026	2016	2026	2016	2026	2016	2026	2016	2026
Molde	1 818	2 058	3 117	3 441	1 399	1 335	16 247	17 062	4 151	5 460
Ålesund	3 277	3 737	5 692	5 815	2 354	2 361	29 044	31 294	6 380	8 457
Kr.sund	1 573	1 675	2 875	2 876	1 240	1 215	15 070	15 721	3 768	5 260
Vanylven	157	154	339	276	197	112	1 836	1 481	727	880
Sande	130	140	279	247	140	105	1 513	1 443	497	595
Herøy	605	608	1 153	1 098	488	470	5 307	5 288	1 419	1 799
Ulstein	606	705	1 216	1 178	477	507	5 073	5 884	1 058	1 442
Hareid	394	396	642	714	311	294	3 075	3 167	767	989
Volda	560	785	1 150	1 164	512	523	5 384	5 800	1 431	1 767
Ørsta	748	768	1 368	1 327	554	606	6 233	6 269	1 774	2 190
Ørskog	154	157	294	295	112	131	1 378	1 366	372	525
Norddal	87	84	217	144	101	81	912	769	335	395
Stranda	268	325	532	490	257	202	2 650	2 658	891	955
Stordal	47	60	165	92	62	57	574	590	172	206
Sykylven	513	450	1 024	831	424	414	4 509	4 297	1 205	1 592
Skodje	403	445	624	753	247	318	2 786	3 188	560	811
Sula	826	744	1 224	1 396	471	563	5 239	5 787	1 192	1 583
Giske	675	723	1 179	1 243	451	536	4 749	5 404	1 040	1 439
Haram	635	591	1 142	1 101	529	487	5 349	5 319	1 545	1 935
Vestnes	380	414	779	704	357	317	3 999	3 883	1 096	1 471
Rauma	515	435	873	871	363	353	4 329	4 142	1 412	1 694
Nesset	163	172	325	281	156	121	1 755	1 605	571	690
Midsund	158	150	289	279	121	115	1 130	1 198	390	441
Sandøy	73	72	157	128	71	69	726	668	243	306
Aukra	242	277	501	484	197	234	1 990	2 237	588	708
Fraena	686	714	1 282	1 227	506	519	5 793	5 909	1 450	1 965
Eide	243	220	503	416	184	198	2 019	1 978	518	706
Averøy	383	388	746	703	297	310	3 454	3 496	946	1 305
Gjemnes	163	127	339	256	126	123	1 490	1 368	475	623
Tingvoll	176	165	353	327	161	145	1 774	1 742	639	759
Sunndal	417	415	813	796	448	339	4 232	4 178	1 250	1 597
Surnadal	338	378	687	677	354	269	3 458	3 403	1 132	1 406
Rindal	135	133	246	252	113	86	1 125	1 178	417	458
Halsa	71	69	184	147	69	72	863	752	360	442
Smøla	113	117	225	202	101	88	1 272	1 163	430	562
Aure	181	182	396	331	209	162	2 034	1 936	716	869
Møre og Romsdal	17 913	19 033	32 930	32 562	14 159	13 837	158 371	163 623	41 917	54 282
Noreg	370	400	628	647	262	270	3 208	3 447	744	959
	121	625	122	842	536	849	510	875	696	031

Kjelde: SSB

## 5 – NYTT INNTEKTSSYSTEM



Det overordna målet med inntektssystemet er å jamne ut kommunane sine føresetnadar for å gi eit likeverdig tenestetilbod til innbygarane sine. Gjennom inntektssystemet blir dei frie inntektene til kommunane fordelt. Dei frie inntektene er rammetilskott og skatteinntekter.

Kommunane har ulik geografi, alderssamsetning og ulike levekår. Det gjer kommunale teneste, som grunnskule, barnehage og omsorgsteneste, ikkje kostar det same i alle kommunar. Somme kommunar har mange barn i skulealder, andre kommunar har mange eldre som treng omsorgsteneste. Somme kommunar har lange reiseavstandar, og ei spreidd busetting. Det er døme på strukturelle faktorar som påverkar kva det kostar å tilby kommunale velferdsteneste, og som kommunane sjølv ikkje kan påverke.

Rammetilskottet blir i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp for kvar innbyggjar (innbyggartilskottet). Kommunane får kompensasjon for ufrivillige kostnadsdifferansar gjennom ei utgiftsutjamning. Utgiftsutjamninga skjer ved hjelp av kostnadsnøkkelen, som syt for at rammetilskottet blir omfordelt frå kommunar som er rimelegare å drive enn landsgjennomsnittet, til kommunar som er dyrare å drive enn landsgjennomsnittet.

Kostnadsnøkkelen består av ei rekke kriterier, som forklarar kvifor det er ulikheit i kommunane sine utgifter til velferdsteneste. Døme på kriterier er mellom anna tal på barn i skulepliktig alder, tal på eldre og reiseavstandar.

Ein stor del av kommunesektoren sine inntekter kjem gjennom skatteinntekter. Det er ulike skatteinntekter kommunane imellom. Gjennom ei skatteutjamning blir desse ulike skatteinntektsnivåa delvis utjamna, ved at skatteinntektene blir omfordelt frå kommunar med skatteinntekter over landsgjennomsnittet til kommunar med skatteinntekter under landsgjennomsnittet.

Inntektssystemet inneholder òg tilskott som utelukkande er grunngitt ut frå regionalpolitiske mål. Døme på regionalpolitiske tilskott i 2016 er Nord-Noreg- og Namdalstilskott, småkommunetilskott, distriktstilskott Sør-Noreg og storbytilskott.

Det kan likevel vere spesielle, lokale tilhøve som ikkje blir fanga opp i den faste delen av inntektssystemet, som kan bli kompensert gjennom eit skjønnstilskott.

Dei frie inntektene til kommunesektoren er om lag 342,6 milliardar kroner i 2016. Det er inntekter kommunane kan disponere fritt, utan andre føringar frå staten enn gjeldande lovar og regelverk.

Rammetilskott i 2016	124 000 millionar kroner
<b>Blir fordelt slik:</b>	
Saker med særskilt fordeling	709 millionar kroner
- herav inndelingstilskott	102 millionar kroner
Nord-Noregtilskott (inkl. Namdalen)	1 612 millionar kroner
Småkommunetilskott	964 millionar kroner
Storbytilskott	460 millionar kroner
Distriktstilskott Sør-Noreg	409 millionar kroner
Vekstkommunetilskott	441 millionar kroner
Skjønnstilskott	1 849 millionar kroner
Innbyggartilskott	117 600 millionar kroner

46 prosent av dei frie inntektene kjem som rammetilskott, 54 prosent kjem i form av skatteinntekter. Saman med momskompensasjonen utgjer dette nærmare 80 prosent av dei samla inntektene til kommunesektoren.


Vidare i kapittelet vil hovudendringane i basistilskott og distriktpolitiske tilskott i inntektssystemet for 2017 bli vist, basert på Kommuneproposisjonen 2017. Nærare informasjon om dette og øvrige delar av det nye inntektssystemet er i kommuneproposisjonen for 2017.

## 5.1 – NYTT BASISTILSKOTT

I det nye inntektssystemet blir det endringar i korleis basistilskottet blir fordelt. Fram til og med 2016 ble basistilskottet fordelt med eit likt beløp til kvar kommune. I 2016 utgjorde basistilskottet omrent 13,2 millionar kroner.

I 2017 vil basistilskottet bli fordelt etter ein ny modell. Halve basistilskottet vil bli fordelt med eit likt beløp til kvar kommune, medan den andre halvdelen blir fordelt etter eit nytt strukturkriterium. Strukturkriteriet måler gjennomsnittleg reiseavstand for å nå 5.000 innbyggjarar. Det blir rekna ut frå folketyngdepunktet i kvar grunnkrets, basert på koordinatane for busette adresser i grunnkretsen. For innbyggjarane i kvar grunnkrets blir det rekna minste reiseavstand for å nå 5 000 innbyggjarar, ut frå folketyngdepunktet i grunnkretsen. I utrekninga blir det lagt til korreksjonsfaktorar (høgare verdi) om innbyggjarane er avhengig til dømes er ferje for å nå 5 000 innbyggjarar. Kommunar som har ein høgare verdi enn 25,4 kilometer vil få fullt basistilskott i 2017. Kommunar som har lågare verdi enn 25,4 kilometer, vil få basistilskottet gradert ut frå sin utrekna verdi, (Kommunen sin verdi / 25,4 kilometer).

**Figur 12**  
**Reiseavstand for å nå 5 000 innbyggjarar**




Figuren over viser gjennomsnittleg reiseavstand for å nå 5 000 innbyggjarar på kommunenivå i Møre og Romsdal. Det går fram at det er fem kommunar som har høgare verdi på strukturkriteriet enn grenseverdien på 25,4 kilometer. Det er 12 kommunar som har ein verdi mellom 12,7 kilometer og 25,4 kilometer og 19 kommunar som har lågare verdi enn 12,7 kilometer.

Kartet under illustrerer gjennomsnittleg reiseavstand for å nå 5 000 innbyggjarar for kva innbyggjar på kommunenivå.

**Figur 13**

### Gjennomsnittleg reiseavstand for å nå 5.000 innbyggjarar



Tabellen under viser tal på kommunar i kvar reiseavstandskategori på nasjonalt nivå.


	Kommunar med full verdi på strukturkriteriet		
	25,4 km og over	mellan 12,7 og 25,4	under 12,7
Møre og Romsdal	5	12	19
Landet	108	103	217

## 5.2 – DISTRIKTPOLITISKE TILSKOTT

Det nye inntektssystemet medfører endringar i dei distriktpolitiske tilskotta. Det mest aktuelle distrikstilskottet for kommunane i Møre og Romsdal målt i kronebeløp, er det nye Sør-Noregtilskottet.

Det nye Sør-Noregtilskottet erstattar det gamle distrikstilskott Sør-Noreg og småkommunetilskottet. Det nye tilskottet er basert på element frå dei to gamle tilskotta. Det nye tilskottet tek utgangspunkt i distriktsindeksen. Distriktsindeksen blir omtala som i kva for grad ein kommune (eller bu- og arbeidsmarknadsregion) har distriktsproblem, eller for graden av periferalitet knytt til ein kommune.

Figuren under viser verdien på distriktsindeksen 2015 for kommunane i Møre og Romsdal.



Verdien på distriktsindeksen for den enkelte kommune har stor påverking for om kommunen kvalifiserer til distriktstilskott, og for storleiken på distriktstilskottet. Figuren under viser oppbygginga av distriktsindeksen for 2015.

**Figur 15**  
**Oppbygginga av distriktsindeksen 2015**

Indikatorgruppe	Indikator	Indikator	Vekting	
			Gruppe	
Geografi	Sentralitet (NIBR11)		20	
	Befolkingstetthet		10	40
	Reisetid		10	
Demografi	Befolkningsvekst siste ti år (%)		20	
	Andel av befolkninga, 67 år og over		5	30
	Andel kvinner i aldersgruppa 20–39 år		5	
Arbeidsmarknad	Andel yrkesaktive (bustad) i aldersgruppa 20–64 år		10	20
	Vekst i sysselsettinga siste ti år		10	
Levekår	Inntekt per skatteyter, 17 år og over		10	10
Sum vekter			100	100

Alle kommunar blir vurdert i høve til distriktstilskott, medan kommunar under 3 200 innbyggjarar vil uansett få distriktstilskott. Storleiken på distriktstilskottet for kommunar under 3 200 innbyggjarar vil vere avhengig av verdien på distriktsindeksen.

Figuren under viser kriteria for å kvalifisere til det nye distriktstilskottet i 2017.

**Figur 16**  
**Kriterier og satsar for distriktstilskott Sør-Noreg 2017**

Distriktsindeks	Kommunar med over 3 200 innbyggjarar		Kommunar med under 3 200 innbyggjarar	
	Sats per kommune (1 000 kr)	Sats per innbyggjar (kroner)	Sats per kommune (1 000 kr)	
0–35	1 186	1 074	5 475	
36–38	949	859	4 928	
39–41	712	644	4 380	
42–44	474	430	3 833	
45–46	237	215	3 285	
Over 46	0	0	2 738	

## 6 – APPENDIKS

---

Tabell A-1 Brutto driftsinntekter i alt, i absolute tal og prosentvis vekst, konsern						
		2013	2014	2014	2015	
1502 Molde	5,6 %	1972052	2,9 %	2028692	1,6 %	2060666
1504 Ålesund	5,5 %	3059020	2,6 %	3138529	5,4 %	3307541
1505 Kristiansund	6,0 %	1724756	3,9 %	1792195	2,9 %	1844347
1511 Vanylven	5,6 %	288882	-4,8 %	275058	1,0 %	277729
1514 Sande	2,6 %	217357	4,2 %	226547	-0,7 %	224903
1515 Herøy	4,4 %	626727	4,3 %	653986	2,0 %	666983
1516 Ulstein	12,2 %	591641	-2,6 %	576241	8,1 %	622986
1517 Hareid	6,6 %	338337	3,9 %	351600	4,5 %	367583
1519 Volda	4,2 %	651386	15,2 %	750199	3,2 %	774072
1520 Ørsta	3,5 %	733697	2,9 %	754873	4,7 %	790240
1523 Ørskog	5,5 %	189357	3,4 %	195785	3,7 %	203098
1524 Norddal	-0,8 %	198186	-0,9 %	196482	0,2 %	196786
1525 Stranda	6,7 %	370819	0,6 %	372903	-1,8 %	366129
1526 Stordal	0,9 %	105380	6,4 %	112085	1,0 %	113168
1528 Sykkylven	4,0 %	474640	1,2 %	480484	3,2 %	495957
1529 Skodje	9,1 %	311477	0,5 %	312931	8,8 %	340352
1531 Sula	3,7 %	539274	3,5 %	558364	8,1 %	603598
1532 Giske	9,2 %	521941	0,7 %	525398	5,3 %	553307
1534 Haram	5,0 %	599220	1,8 %	610214	2,0 %	622213
1535 Vestnes	6,3 %	584014	2,1 %	596561	0,8 %	601328
1539 Rauma	6,2 %	553923	4,3 %	577640	-0,1 %	577116
1543 Nesset	3,6 %	263617	1,4 %	267212	4,8 %	279926
1545 Midsund	5,2 %	175096	3,2 %	180693	3,5 %	187083
1546 Sandøy	5,1 %	124657	-2,9 %	121095	-0,6 %	120397
1547 Aukra	14,3 %	474310	-5,9 %	446475	5,8 %	472566
1548 Fræna	4,0 %	680146	7,3 %	729872	3,9 %	758164
1551 Eide	0,8 %	259480	4,9 %	272189	4,4 %	284206
1554 Averøy	6,5 %	383598	3,6 %	397275	3,7 %	411862
1557 Gjemnes	1,2 %	212399	1,9 %	216514	3,0 %	222930
1560 Tingvoll	4,7 %	264635	-0,9 %	262248	5,5 %	276712
1563 Sunndal	6,8 %	737399	0,8 %	743598	5,2 %	782015
1566 Surnadal	3,4 %	488859	3,5 %	506212	2,2 %	517410
1567 Rindal	3,2 %	191203	0,9 %	192957	2,5 %	197748
1571 Halsa	-0,8 %	148313	3,0 %	152786	4,2 %	159141
1573 Smøla	3,8 %	211105	2,9 %	217332	2,8 %	223500
1576 Aure	4,8 %	341455	2,6 %	350176	2,2 %	357804
<b>Møre og Romsdal</b>	<b>5,5 %</b>	<b>19608358</b>	<b>2,7 %</b>	<b>20143401</b>	<b>3,6 %</b>	<b>20861566</b>
<b>Noreg u/Oslo</b>	<b>6,0 %</b>	<b>3,23E+08</b>	<b>2,9 %</b>	<b>3,32E+08</b>	<b>4,5 %</b>	<b>3,47E+08</b>

Kjelde: SSB

Tabell A-2

	Disposisjonsfond			Bundne driftsfond			Ubundne investeringsfond			Bundne investeringsfond		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
1502 Molde	0,8 %	0,6 %	0,7 %	1,8 %	1,5 %	1,5 %	6,0 %	5,5 %	5,0 %	0,2 %	0,2 %	0,2 %
1504 Ålesund	0,9 %	0,6 %	0,4 %	1,6 %	1,4 %	1,7 %	4,7 %	2,8 %	2,6 %	3,6 %	4,1 %	4,0 %
1505 Kristiansund	1,5 %	0,0 %	0,0 %	1,4 %	1,8 %	2,1 %	0,6 %	0,1 %	0,1 %	0,7 %	0,7 %	0,8 %
1511 Vanylven	1,7 %	2,3 %	1,9 %	2,1 %	2,2 %	2,5 %	0,2 %	0,5 %	0,2 %	0,0 %	0,0 %	2,1 %
1514 Sande	2,5 %	1,7 %	0,0 %	2,0 %	2,4 %	2,2 %	16,7 %	15,3 %	15,3 %	0,7 %	0,8 %	0,8 %
1515 Herøy	2,1 %	1,8 %	1,3 %	9,5 %	3,9 %	3,2 %	1,3 %	1,3 %	1,4 %	0,5 %	0,5 %	0,4 %
1516 Ulstein	2,2 %	4,7 %	3,7 %	0,9 %	1,0 %	1,0 %	4,0 %	3,5 %	11,7 %	0,6 %	0,5 %	0,4 %
1517 Hareid	0,0 %	0,0 %	0,4 %	3,2 %	2,2 %	2,1 %	0,8 %	0,8 %	1,3 %	0,4 %	0,5 %	0,8 %
1519 Volda	0,7 %	2,3 %	4,9 %	5,0 %	4,1 %	3,5 %	9,7 %	8,4 %	8,4 %	3,6 %	1,6 %	0,8 %
1520 Ørsta	1,2 %	1,7 %	3,8 %	4,0 %	3,0 %	3,3 %	2,7 %	2,0 %	1,9 %	0,6 %	0,5 %	0,6 %
1523 Ørskog	7,4 %	6,8 %	6,3 %	5,7 %	5,1 %	4,0 %	1,8 %	0,0 %	4,0 %	3,3 %	4,2 %	4,2 %
1524 Norddal	7,0 %	2,5 %	0,2 %	4,3 %	4,7 %	4,5 %	15,1 %	13,9 %	13,9 %	0,3 %	0,3 %	0,3 %
1525 Stranda	0,4 %	0,7 %	1,7 %	5,1 %	4,9 %	3,0 %	1,9 %	0,3 %	0,1 %	0,3 %	0,2 %	0,8 %
1526 Stordal	0,4 %	13,6 %	11,0 %	3,0 %	6,5 %	7,9 %	30,0 %	28,2 %	32,9 %	11,8 %	0,0 %	0,0 %
1528 Sykkylven	0,5 %	0,5 %	0,2 %	1,9 %	2,0 %	1,7 %	1,3 %	0,6 %	0,1 %	0,3 %	0,3 %	0,4 %
1529 Skodje	11,4 %	4,4 %	8,6 %	2,4 %	3,3 %	3,0 %	6,7 %	6,7 %	5,6 %	0,0 %	0,2 %	1,1 %
1531 Sula	10,3 %	12,2 %	11,8 %	3,0 %	2,0 %	2,4 %	10,5 %	10,0 %	10,3 %	0,6 %	0,0 %	0,4 %
1532 Giske	3,3 %	2,5 %	0,1 %	2,1 %	1,6 %	2,3 %	23,3 %	23,1 %	24,6 %	0,0 %	0,7 %	0,6 %
1534 Haram	0,4 %	1,7 %	2,4 %	37,7 %	43,4 %	49,0 %	42,0 %	41,6 %	41,6 %	0,0 %	0,9 %	1,2 %
1535 Vestnes	0,3 %	0,3 %	0,2 %	1,9 %	2,2 %	2,3 %	19,9 %	19,5 %	0,6 %	0,2 %	0,3 %	0,6 %
1539 Rauma	0,6 %	0,5 %	0,5 %	1,1 %	0,8 %	1,2 %	3,2 %	1,6 %	6,2 %	0,3 %	0,2 %	0,9 %
1543 Nesset	1,9 %	1,4 %	0,7 %	10,8 %	10,2 %	10,1 %	0,9 %	0,9 %	0,9 %	1,7 %	1,0 %	0,7 %
1545 Midsund	1,3 %	2,7 %	3,5 %	2,4 %	1,8 %	2,2 %	9,4 %	8,4 %	8,2 %	0,2 %	0,4 %	0,6 %
1546 Sandøy	27,6 %	28,6 %	27,9 %	4,2 %	4,9 %	4,3 %	43,8 %	45,1 %	45,4 %	1,4 %	1,5 %	1,7 %
1547 Aukra	34,4 %	38,5 %	47,2 %	2,0 %	2,2 %	3,5 %	6,5 %	7,0 %	1,3 %	0,3 %	0,2 %	0,4 %
1548 Fræna	0,4 %	0,3 %	1,4 %	3,6 %	3,0 %	2,7 %	14,6 %	14,4 %	14,0 %	0,5 %	0,4 %	0,5 %
1551 Eide	10,6 %	8,5 %	7,7 %	4,5 %	4,5 %	4,7 %	7,8 %	7,5 %	3,5 %	0,6 %	0,6 %	3,6 %
1554 Averøy	1,3 %	0,9 %	1,4 %	3,2 %	3,4 %	3,6 %	0,2 %	0,5 %	0,1 %	0,2 %	0,3 %	0,3 %
1557 Gjemnes	0,3 %	0,3 %	4,4 %	2,3 %	2,6 %	4,0 %	6,5 %	5,7 %	4,8 %	3,4 %	1,0 %	2,2 %
1560 Tingvoll	4,4 %	4,2 %	3,9 %	4,5 %	4,0 %	4,4 %	1,8 %	1,8 %	1,5 %	0,7 %	0,7 %	0,6 %
1563 Sunndal	9,0 %	11,6 %	12,0 %	4,3 %	4,8 %	4,2 %	1,6 %	2,4 %	2,2 %	0,1 %	0,4 %	0,4 %
1566 Surnadal	10,3 %	9,1 %	6,8 %	2,6 %	2,1 %	2,3 %	1,5 %	1,2 %	0,1 %	1,0 %	0,1 %	0,7 %
1567 Rindal	11,8 %	10,4 %	4,7 %	1,8 %	1,9 %	2,9 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,1 %	0,1 %	0,4 %
1571 Halsa	1,0 %	5,4 %	6,8 %	3,7 %	4,5 %	6,1 %	1,4 %	1,3 %	1,3 %	1,5 %	1,9 %	2,0 %
1573 Smøla	6,8 %	5,7 %	6,2 %	8,0 %	7,7 %	6,3 %	1,4 %	2,4 %	6,3 %	0,4 %	0,8 %	1,8 %
1576 Aure	13,2 %	12,1 %	14,4 %	4,7 %	5,1 %	5,3 %	1,2 %	1,2 %	1,1 %	0,2 %	0,2 %	0,4 %
Møre og Romsdal	3,7 %	3,6 %	4,0 %	4,0 %	3,9 %	4,1 %	7,0 %	6,3 %	5,9 %	1,2 %	1,1 %	1,3 %
Noreg U/Oslo	7,1 %	7,2 %	7,7 %	4,1 %	4,1 %	4,3 %	6,5 %	6,9 %	6,4 %	1,5 %	1,5 %	1,7 %

Kjelde: SSB

	Folke-mengde	Tabell A-3				
		Basistilskott	Distrikts-tilskot Sør-Noreg	Små-kommune-tilskot	Vekst-tilskot	Arbeids-givaravgifts-sone
		2016 (1 000 000 kr)	(1 000 kr)	(1 000 kr)	(1 000 kr)	2016
1502 Molde	26 732	13,2				1
1504 Ålesund	46 747	13,2				1
1505 Kristiansund	24 526	13,2				1
1511 Vanylven	3 256	13,2	5 745			3
1514 Sande	2 559	13,2		5 475		2
1515 Herøy	8 972	13,2				1a
1516 Ulstein	8 430	13,2			2 052	1
1517 Hareid	5 189	13,2				1
1519 Volda	9 037	13,2				1
1520 Ørsta	10 677	13,2				1
1523 Ørskog	2 310	13,2		5 475		1
1524 Norddal	1 652	13,2		5 475		2
1525 Stranda	4 598	13,2	3 693			2
1526 Stordal	1 020	13,2		5 475		2
1528 Sykkylven	7 675	13,2				1
1529 Skodje	4 620	13,2			1 741	1
1531 Sula	8 952	13,2			4 313	1
1532 Giske	8 094	13,2			5 441	1
1534 Haram	9 200	13,2				1a
1535 Vestnes	6 611	13,2	1 532			2
1539 Rauma	7 492	13,2	1 635			2
1543 Nesset	2 970	13,2		5 475		2
1545 Midsund	2 088	13,2		5 475		1a
1546 Sandøy	1 270	13,2		5 475		2
1547 Aukra	3 518	13,2			514	1a
1548 Fræna	9 717	13,2				1
1551 Eide	3 467	13,2				1a
1554 Averøy	5 826	13,2				1
1557 Gjemnes	2 593	13,2		5 475		1a
1560 Tingvoll	3 103	13,2		5 475		2
1563 Sunndal	7 160	13,2	8 445			2
1566 Surnadal	5 969	13,2	7 628			3
1567 Rindal	2 036	13,2		5 475		3
1571 Halsa	1 547	13,2		5 475		3
1573 Smøla	2 141	13,2		5 475		4
1576 Aure	3 536	13,2	5 946			3
<b>Møre og Romsdal</b>	<b>265 290</b>					
<b>Noreg U/Oslo</b>	<b>5 213 985</b>					

Kjelde: SSB, Grønt hefte, Statsbudsjettet 2016

## Arbeidsgivaravgiftssoner:

Sone 1 = 14,1 %, Sone 1a = 14,1 % (fribeløp 500 000 kr), Sone 2 = 10,6 %, Sone 3 = 6,4 %, Sone 4 = 5,1 %

## KJELDER OG VIDARE LESING

---

Kommunal– og moderniseringsdepartementet 2015. Rapport frå Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi – [April 2015](#)

Kommunal– og moderniseringsdepartementet 2015. Rapport frå Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi – [November 2015](#)

Kommuneproposisjonar:

[Kommuneproposisjonen 2015](#)

[Kommuneproposisjonen 2016](#)

[Kommuneproposisjonen 2017](#)

Kommunal- og moderniseringsdepartementet – Frie inntekter på nett 2016:

<https://frieinntekter.regjeringen.no/frie-inntekter-2016/>

Kommunal- og moderniseringsdepartementet – Kommunereform:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/id751048/>

Statistisk sentralbyrå:

[www.ssb.no/statistikkbanken/offentlig-sektor/kostra](http://www.ssb.no/statistikkbanken/offentlig-sektor/kostra)

[www.ssb.no/statistikkbanken/befolking](http://www.ssb.no/statistikkbanken/befolking)

[Skatteetaten](#)

[Arbeidsgivaravgift](#)

Rapporten er tilgjengeleg på heimesida vår:

<http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kommunal-styring/Kommuneokonomi/>



